

Til aksjonærane i Bømlo Vegselkap AS:

Bømlo kommune
v/ordførar Odd Harald Hovland
Hordaland fylkeskommune
v/fylkesordførar Tom –Christer Nilsen
KPMG AS

Svortland, 24.04.2015

INNKALLING TIL ORDINÆR GENERALFORSAMLING I BØMLO VEGSELSKAP AS

Det vert kalla inn til ordinær generalforsamling i Bømlo Vegselkap AS
torsdag 21. mai 2015 kl. 13.00.

Stad: Via Futura AS, 2. høgda Gamlebanken på Bremnes, Bømlo

Saksliste:

1. Val av møteleiar og to representantar til å skriva under protokollen.
2. Godkjenning av innkalling og saksliste.
3. Godkjenning av årsrekneskap og årsmelding.
4. Fastsetting av styregodtgjersle for 2014.
5. Godkjenning av godtgjersle til revisor for 2014.
6. Val av styremedlemmer.

Vedlegg:

- Styret sitt forslag til vedtak punkt 4, 5, og 6.
- Styret sitt forslag til årsmelding og årsrekneskap for 2014.
- Fullmaktsskjema for dei aksjonærane som måtte ynskja å nytta dette. Dersom fylkesordførar/ordførar ikkje møter personleg, må det leggjast fram fullmakt frå eigar til den som skal representera selskapet i generalforsamlinga.

Med venleg helsing
Bømlo Vegselkap AS

for *Anne Johanne H. Steward*
Inge Reidar Kallevåg
styreleiar

Kopi: Styret og varamedlemmene

Til punkt 4 – Fastsetting av styret si godtgjersle for 2014

Styret set fram følgjande forslag til vedtak av styrehonorar for 2014, utan endring frå ifjor:

Styreleiar:	60.000 kroner
Nestleiar:	35.000 kroner
Styremedlem:	25.000 kroner
Varamedlem, pr. møte:	2.000 kroner

- For å ha krav på fullt styrehonorar skal eit styremedlem ha møtt på minst halvparten av styremøta. I motsett fall vil styrehonoraret reduserast til det halve.
- Det vert betalt ut kompensasjon for tapt arbeidsforteneste etter krav ihht. Fylkeskommunale satsar.
- Varamedlem som deltar på meir enn halvparten av styremøte får halvt styrehonorar. Då fell kompensasjon for tapt arbeidsforteneste bort.
- Styrehonorar vert avrekna årleg etter ordinær generalforsamling.

Til punkt 5 – Godkjenning av godtgjersle til revisor for 2014

Styret set fram følgjande forslag til vedtak:

Styret foreslår at godtgjersle til revisor vert dekkja etter rekning frå KPMG AS som for 2014 lød på kr 63.125,-

Til punkt 6- Val av styremedlemmer:

Etter generalforsamlinga den 22.5.2014 har styret vore slik samansett:

			<u>Periode</u>
Styreleiar	Inge Reidar Kallevåg	varamedlem Sigbjørn Framnes	2014-2016
Nestleiar	Per Ole Fylkesnes	varamedlem Anne T. Johannessen	2014-2016
Styremedlem	Selma Karin Vestvik	varamedlem Kari Friis Sortland	2013-2015
Styremedlem	Siri Klokkestuen	varamedlem Sammy Olsen	2014-2016
Styremedlem	Dag Helge Hellen	varamedlem Geir Angeltveit	2013-2015

Framlegg til vedtak:

Følgjande styremedlemmer med personlege varamedlemmer vert foreslått valt for ein ny to års periode:

Styremedlem	Selma Karin Vestvik	varamedlem Kari Friis Sortland	2015-2017
Styremedlem	Dag Helge Hellen	varamedlem Geir Angeltveit	2015-2017
